



## STORTINGET

# Lovvedtak 71

(2025–2026)

(Første gangs behandling av lovvedtak)

Innst. 371 L (2025–2026), jf. Prop. 74 L (2025–2026)

I Stortingets møte 5. juni 2026 ble det gjort følgende

### vedtak til lov

om endringer i bustøttelova (handsaming av personopplysningar og automatiserte avgjerder)

#### I

I lov 24. august 2012 nr. 64 om bustøtte og kommunale bustadtilskot blir det gjort følgjande endringar:

§ 8 skal lyde:

§ 8 *Innhenting og handsaming av personopplysningar*

*Husbanken og kommunane kan handsame personopplysningar, medrekna personopplysningar som nemnt i personvernforordninga artikkel 9 og 10, når dette er nødvendig for å utføre oppgåver etter lova her. Tilgangen til å handsame opplysningar etter denne føresegna gjeld også nødvendige opplysningar om andre husstandsmedlemmer.*

Husbanken og kommunane kan utan hinder av teieplikt påleggje offentlege styresmakter, långjevarar, utleigarar, burettslag, eigarseksjonssameige og tilbydarar av posttenester å gje opplysningar som er nødvendige for å kontrollere om vilkåra for å få bustøtte er oppfylte eller har vore oppfylte i tilbakelagde periodar. Husbanken og kommunane kan hente inn slike opplysningar direkte frå instansane som er nemnde i første punktum, og nytte dei i sakshandsaminga utan samtykke frå den det gjeld. Den som blir pålagt å gje opplysningar i medhald av paragrafen her, kan ikkje krevje godtgjering. Informasjonsplikta i personvernforordninga artikkel 14 gjeld. Reglane om bevisfritak i tvisteloven §§ 22-8 og 22-9 gjeld tilsvarande.

*Husbanken kan ta avgjerder som berre er baserte på automatisert handsaming av personopplysningar, medrekna personopplysningar som nemnt i personvernforordninga artikkel 9 og 10. Handsaminga må oppfylle krava som elles blir stilte til sakshandsaminga, og vere i*

*samsvar med retten til vern av personopplysningar. Den registrerte har rett til manuell overprøving av avgjerda.*

*Departementet kan gje forskrift om handsaming av personopplysningar, medrekna kva for opplysningstypar Husbanken kan handsame, kva for personar Husbanken kan handsame opplysningar om, bruk av automatiserte avgjerder og innhenting, utlevering og anna handsaming av personopplysningar frå andre kjelder enn den statlege bustøtta.*

Ny § 8 d skal lyde:

§ 8 d *Handsaming av personopplysningar for forskning, statistikk og analysar*

Husbanken kan utan hinder av teieplikt handsame opplysningar som er henta inn i medhald av denne lova, medrekna personopplysningar som nemnt i personvernforordninga artikkel 9, når det er nødvendig for forskning, statistikk og analysar for føremåla i husbanklova § 1. Husbanken kan lagre desse opplysningane for seinare bruk i forskning. Handsaminga skal vere underlagd garantiar som nemnt i personvernforordninga artikkel 89 nr. 1.

Departementet kan gje forskrift om utlevering, innhenting, samanstilling og anna handsaming av personopplysningar frå den statlege bustøtta og andre kjelder til forskning, statistikk og analysar.

Ny § 8 e skal lyde:

§ 8 e *Handsaming av personopplysningar for test, drift og utvikling*

Husbanken kan handsame dei personopplysningane som er nemnde i § 8 d, når det er nødvendig for å tes-

te, drifte og utvikle IT-systema til Husbanken, men berre dersom det er umogleg eller uforholdsmessig vanskeleg å oppnå føremålet ved å bruke anonyme eller fiktive opplysningar.

Departementet kan gje forskrift om handsaming av personopplysningar i samband med testing, drift og utvikling.

## II

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset. Dei ulike delane av lova kan setjast i verk til ulik tid.

**Masud Gharakhani**

president